

## Landbruk

Planprogrammet gjelder ett areal oppe på Høg Jæren. Planene programmet er ett areal på 139 daa.

Området består av 64 Daa næringsområdet 33 daa vindkraft 10 daa veiareal 32 daa landbruksareal. Det skal benyttes 64 daa til kraftintensivnæring.

40 daa av området er fulldyrket. Dette skal flyttes til en mer gunstig plassering nærere Undheim Sentrum. Dette har Ragnvald Gramstad vert med på å utrede. Området som skal dyrkes opp er i særdeles dårlig stand med mye stein og vann som ligger. Dette området gir dårlig avkastning slik det er i dag. Planene er å dyrke opp dette arealet som vanlig, fjerne stein, etablere grøftesystem og klargjøre for såing, etter det kommer vi med topplaget fra Høggjæren. Dette blir lagt ut over det klar gjorte området.

### Landbruksfagleg vurdering av landbruksjorda på Undheim

Store deler av desse landbruksareala består av steinhaldige morenemasser med eit relativt tynt humus og moldjordlag. Undergrunnen består av mykje grus og leire. I området lenger opp mot Storamose vil ein finna kalkrike undergrunnsmasser som skuldast avsetning av diverse små krepsdyr (Mergel). Dette har også i dag betydning for god pH i vassdraget frå desse områda.

Det ligg i dag store områder med mykje stein i overflaten som vert nytta som kulturbeiter. Med ein del kulturtekniske tiltak kan ein forbetra mykje av desse områda til gode beiter kor ein kan hausta mykje beitegras. Erfaringer har vist at kulturbeitene i både desse områda og elles i Rogaland kan gi både 600 og 800 kg tørrstoff per daa i årleg avling, eller omrekna til 350-600 foreiningar per daa.

Det aktuelle dyrka landbruksarealet til weatherlands var mykje likt dei udyrka areala som grenser til. Om lag 12-13 daa av i alt 40 daa vart oppdyrka i slutten av 70-åra, og resten vart ferdigstilt i 2013. Dette landbruksarealet ligg med svak helling mot Nord-Aust, det har eit relativt tynt moldjordlag, og undergrunnen består av grus og litt leir. Arealet er eksponert for vind, mindre lys og solvarme. I vintrar/vårar med mykje barfrost og austavind, kan ein lett få frostskafer i grasmaterialet som skuldast uttørking. I ein normal vekstsesong vil ein kunna hausta moderate mengder med gras, men dersom arealet hadde lege meir sør/vestvendt ville ein hatt årleg større grasavling. Det er grunn til å nemna at under god beliggenhet på Høg-Jæren, har avlingsregistrering over fleire år vist ei årsavling på 85-90% samanlikna med resten av Jæren.

### Flytting av matjord.

Det er ei kjent sak at flytting av god matjord frå eit område til eit anna vil på kort sikt føre til litt reduksjon i avling. Dette skuldast både det reinte jordfysiske med omsyn til struktur og med omsyn til forstyrring av mikrolivet i jorda.

I dette aktuelle tilfellet er ein i full gang med oppdyrking av eit nytt stein- og grushaldig utmarksområde. Det aktuelle arealet er om lag 30 daa, og arealet har ein vestvendt beliggenhet kor vekstvilkåra på sikt vert betre med eit større avlingspotensiale.

Eit klart ønske er å flytta matjorda frå det Nordaustvendte arealet til dette nydyrka området. Dette vil i utgangspunktet vera eit bra tiltak kor ein får tilført eit ekstra mold/matjordlag på 15-20 cm. Dette vil over tid og i løpet av dei neste 5 åra gradvis gi eit område med meir årsikre store grasavlingar. Det bør vera eit godt tiltak å forbetra eksisterande og utvikla nye landbruksareal. God jord og jordstruktur vil sikra god etablering og god rotutvikling i grasplantene. Dette vil i neste omgang føra til at landbruksarealet vil halda meir på næringstoffa i jorda og redusera avrenning av pantenæringstoff til vassdrag.

Tidlegare Seniorrådgjevar NLR -Rogaland

Ragnvald Gramstad

## INFORMASJON OM LANDBRUKET I OMRÅDET




Området som det skal flyttes til, gnr. 54 bnr. 14




Området med vestvendt beliggenhet

## INFORMASJON OM LANDBRUKET I OMRÅDET



Området det flyttes fra, gnr. 46 bnr. 18



Området med svak helning mot nordvest.